

Leder

Forby eller ikke forby

Amnesty vil avkriminalisere kjøp og salg av sex for å ta vare på de prostituerte.

Amnesty International har i sitt internasjonale rådsmøte gått inn for å avkriminalisere prostitusjon. Eller sexarbeid, som de velger å kalle det. Det har ført til sterk kritikk i Norge. Kritikerne frykter en avkriminalisering vil gjøre livet lettere for halliker og menneskehandlere, men vanskeligere for de prostituerte.

Av de omtrent 40 millioner prostituerte i verden, har ni av ti hallik, ifølge Anna Kathrine Eltvik i Kvinnefronten. De fleste er innvandrere fra land utenfor Europa, svært mange er ofre for menneskehandel. Patricia Kaatee og John Peder Egenæs i Amnesty Norge skriver da også i en kronikk i Dagbladet at det viktigste man kan gjøre for å bekjempe sexarbeid, er å bekjempe fattigdom og diskriminering.

At ordet «sexarbeider» ikke har fått gjennomslag i Norge, er et uttrykk for at de fleste av oss

Det er i det minste modig.

deler syn på hva som fører til prostitusjon. Dette er ikke en jobb som alle andre jobber – de fleste prostituerte har ikke bedre alternativ.

Men er det sikkert at et forbud mot prostitusjon eller mot sexkjøp, sikrer grunnleggende menneskerettigheter for de prostituerte?

Vi kan like det eller ikke, men det er ikke gitt at det beste er å forby. I Vista-rapporten, som har analysert effekter av den norske sexkjøpsloven, mener man å kunne se en klar nedgang i omfanget av prostitusjon. Samtidig kjenner de prostituerte seg mer utrygge på gata, og sier det har blitt vanskeligere å finne steder for sexsalget.

Det kan, som Amnesty hevder, føre til at hallikenes posisjon blir styrket. Og selv om omfanget av sexsalg har gått ned i Norge, er det ikke sikkert at de som nå er borte fra markedet her, har kommet seg ut av prostitusjonen. De har kanskje bare flyttet den.

Fattigdom, diskriminering, marginalisering og menneskehandel. Over hele verden gjør årsakene til prostitusjon det hele nedverdiggende og skittent. Sexkjøp skjer sjelden mellom to voksne som begge har valgt dette av egen fri vilje. Kriminalisering er et signal om at slik oppfatter storsamfunnet det.

Amnesty International skitner til sine egne hender når de går inn for å avkriminalisere. De blir slått i hartkorn med halliker, sexindustri og rike bakmenn.

Likevel lar de hensynet til hva de tror virker best, veie tyngst. Det er i det minste modig.

Kronikk

Bustadprisar i brytningstid

Utsiktene for norsk økonomi tyder på tyngre tider for bustadprisane. Ennå er det uvisst om me står overfor ein korreksjon eller ei krise.



Klaus Mohn
Professor,
Handelshøgskolen
ved Universitetet
i Stavanger

Nye tal for bustadpris-utviklinga i Noreg har skapt debatt gjennom sommaren. Det er forståeleg, etter som bustadprisane gir marknaden sin dom over noko som står oss spesielt nær, nemleg heimen vår. No går meiningsbrytinga høgt om kor utsiktene peikar. Kan me forvente at auka i bustadprisane vil halde fram, vil dei flate ut, eller må me bu oss på eit prisfall?

Prising og overprising

Økonomisk teori lenker prisane på fast eigedom til dagens verdi av alt desse formue-objekta kan gi oss gjennom levetida. På dette viset blir bustadprisane knytt til såkalla fundamentale forhold.

I den verkelege verda er ikkje alt like enkelt. Somme tider kan ein oppleve at kraftig vekst i etterspurnaden etter bustader kan løfte marknadsprisane til høgder som vanskeleg let seg foreine med utviklinga i fundamentale forklaringsfaktorar. Slike situasjonar blir gjerne omtalt som økonomiske bobler.

Prising av eigedom i tråd med fundamentale forhold legg til rette for stabilitet og føreseielege utsikter. Motsett vil økonomiske bobler bere bod om sår-

Enkelte økonomar ser no ei betydeleg nedside i åra som kjem.

barheit og ustabilitet, rett og slett fordi ei økonomisk boble manglar bærekraft, og altfor ofte blir avløyst av eit brått prisfall (krakk).

Betre for eigarar, verre for etablerarar

Dei av oss som har vore så heldige å eige norske hus gjennom dei siste ti åra, har hatt ei fin avkastning. Spesielt gjeld dette på Vestlandet, og aller mest i Stavanger-regionen, der bustadprisane har dobla seg sidan 2005.

Tilsvarende verre har det blitt for dei som i dag skal etablere seg for første gong, med høgare inngangsprisar, høgare krav til eigenkapital og strammare utlånspraksis mellom bankane. Ein pust i bakken for bustadprisutviklinga kan dermed gjere det lettare å etablere seg for unge vaksne.

I dei mest utsette pressområda har bustadprisane



PITTER

Stordalen pøser på med hoteller i Stavanger, selv om det er krise. Ingenting slår et varmt og rent hotellrom når blodet renner i gatene.

etter kvart blitt så høge at det har blitt ei utfordring å etablere seg med eigen bustad med mindre ein har to høge løner. Slike tilhøve kan potensielt reise utfordringar i rekruttering av arbeidskraft til viktige oppgaver i offentleg sektor, som t.d. utdanning og helse. Ei demping av utviklinga i bustadprisane vil avhjelpe denne situasjonen.

Resultat av politikk

Utviklinga i bustadmarknaden er støtta av spesielt gunstige skattevilkår for huseigarar. Til dømes kan 28 prosent av lånekostnaden trekkast frå på skatten, gevinstar ved sal av eigen bustad er skattefrie, og for praktiske formål slepp norske huseigarar unna formuesskatten. Desse rammevilkåra har etter alt å dømme stimulert etterspurnaden etter hus og husvære, og politikken har dermed truleg gjort sitt for å drive bustadprisane til vørs.

Verre for norsk økonomi er det at reguleringsmessige rammevilkår i bustadmarknaden legg til rette for ei over-investering i eigeidom, og ei tilsvarende under-investering i andre delar av økonomien. Potensielt kan slike vridingar ha store samfunnsøkonomiske kostnader.

Blant fagøkonomar er det difor eit utbreidd syn at dei skattemessige rammevilkåra bør justerast, slik at det ikkje lenger blir fullt så gunstig å eige bustad. Her kunne ein til dømes tenke seg at ei skjerping i skattlegginga av bustader blei kompensert av ei lette i skattlegginga av arbeidsinntekt. Trass i interessepolitisk motstand, bør dette være noko å tenke på i regjeringa sitt arbeid med skattereform.

Kjøpargrupper kjem og går

Faktorar knytt til folkemengda har mykje å seie for etterspurnaden etter bustader. Endringar i den vaksne delen av folkemengda skapar tilvekst og avgang i kjøpargruppene, til dømes gjennom tilvekst frå nye ungdomskull, tilvekst av einskild-hushald pga. samlivsbrot og endringar som følgje av at bustadkjøparane flytter på seg.

Høg sysselsettingsvekst og låg arbeidsløse vil trekke arbeidstakarar og bustadkjøparar til bestemte regionar gjennom innvandring, flytting og pendling. Motsett vil ei svekking av arbeidsmarknaden gi mindre lokal etterspurnad etter bustader via dei same demografiske mekanismene.

Elles blir etterspurnaden etter bustadar sjølvsagt

påverka av økonomien i norske hushald, der utvikling i inntekter og lånekostnader er sentrale forklaringsfaktorar. Saman med rentefallet, er den kraftige veksten i sysselsetting og løner blant dei viktigaste drivarane bak auka i bustadprisane dei siste åra.

No tyder mykje på at norsk økonomi går mot ein periode med lågare økonomisk vekst. Oljeprisfallet har redusert utsiktene for aktiviteten i olje- og gassverksemda, med negative ringverknadar til store delar av næringslivet i fastlandsøkonomien.

Lågare sysselsettingsvekst og auke i arbeidsløysa vil legge ein dempar på løns- og inntektsveksten i norske hushald i tida som kjem, og spesielt i dei delane av landet som har mykje olje- og gassverksemd. Mykje tyder på at rentenivået kan halde seg lågt, men frå dagens nivå er potensialet for fortsatt stimulans gjennom rentefall nokså avgrensa.

Korreksjon eller krise?

Samspelet mellom demografiske og økonomiske faktorar peiker dermed mot ei demping av etterspurnaden i bustadmarknaden. Eit fall i prisane kan heller ikkje utelukkast, og den særnorske auka i bustadprisane dei siste åra gjer at enkelte økonomar no ser ei betydeleg nedside i åra som kjem.

I talfesting av nedsida for norske bustadprisar blir eit kritisk spørsmål om prisane i utgangspunktet er i tråd med fundamentale faktorar, eller om ein står overfor ei økonomisk boble. Sidan finanskrisa i 2008 er det få land utanom Noreg som kan vise til vekst i bustadprisane. Noreg stikk seg i tillegg ut når ein samanliknar bustadprisnivået med inntektsnivået – eller med kostnaden ved å leige.

Norske økonomar og politikarar er dermed ikkje åleine når dei engstar seg for bustadprisane. I si siste vurdering denne våren, trakk det internasjonale pengfondet (IMF) fram bustadprisane som ein av dei store risikofaktorane i norsk økonomi.

Særlege utviklingstrekk i norsk økonomi har sørgja for høg prisstigning og eit rekordhøgt prisnivå i bustadmarknaden. Når desse utviklingstrekk no er i ferd med å vende, borgar det i beste fall for ei meir dempa prisutvikling i åra som kjem. Det som er vanskeleg med økonomiske bobler, er at ein sjeldan ser dei før dei sprekk. Dermed kan berre tida vise om det me står overfor ei større krise eller ein mindre korreksjon.

twitter: @vMohnitor



«Det som er vanskeleg med økonomiske bobler, er at ein sjeldan ser dei før dei sprekk. Dermed kan berre tida vise om det me står overfor ei større krise eller ein mindre korreksjon», skriv økonomiprofessor Klaus Mohn. FOTO: LARS IDAR WAAGE

Replikk

Forstå nyheten

Hva er egentlig eiendoms-skatt? Hvorfor er KrF så sinte på søndagsåpne butikker? Og hva betyr egentlig rojalist og eksil?

Alle disse eksemplene er hentet fra én utgave av Aftenbladet, og listen kunne vært mye lenger. Hver eneste dag skriver vi journalister om temaer som er vanskelige, uten å forklare. Vi bruker ord mange av leserne ikke forstår. Og vi viser til mennesker, hendelser og begreper som ikke gir mening for alle.

Spør en 23-åring hvem Arne Rettedal var. Eller snakk til en 70-åring om snapchat. Samtalene kan lett stanse der og da.

I dette ligger en erkjennelse av at vi ofte forutsetter for mye av leserne. I utenriksdekkningen tar vi for gitt at alle vet hva to ryene er og hva Berlinmuren var. I norsk politikk og økonomi snakker vi om handlingsregelen som om alle vet hva den handler om. Og hvilket vindu er nå dette overgangsvinduet sportsreporterne stadig maser om?



Tarald Aano
Redaktør

Forstå-pakker

Aftenbladet har lenge jobbet bevisst med sin formidling. Journalistenes oppgaver er ikke bare å hente inn nyheter og publisere dem – vi ønsker også å gjøre dem forstått. Derfor har vi for lengst etablert bruken av elementer som faktarammer, grafikk, kart og bakgrunnsartikler. I en lang periode hadde vi også tematiske helsider i avisen under vignetten «Forstå». Nå er denne satsingen fornyet og endret, og vi vil gi leserne små og store Forstå-pakker som står midt i nyhetene. Disse sakene skal ikke først og fremst være nyheter, de skal hjelpe leserne til å forstå nyheten og til å sette den inn i en sammenheng som gir mening.

Håpet er at vi hver dag kan løfte fram et eller to av temaene fra nyhetsflommen – lokalt, nasjonalt eller internasjonalt – og gi det lille ekstra, det som skal til for å koble på leserne som er i ferd med å falle av.

Ulike syn

Vil det si å banalisere journalistikken? Det tror vi ikke. Mange saker er kompliserte, og mange temaer er det stor uenighet om. Da blir vår oppgave å forklare hvorfor uenigheten er så stor og beskrive hvorfor bildet er så sammensatt som det er.

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

MER DEBATT
SIDE 35-37

Kommunereformens sanne ansikt
Kjell Arild Pollestad, Bryne
Forby eple og rips?
Ronny Berdinesen, Norsk Gartnerforbund